



Til Kvam herad ved heradsstyret

## Årsrekneskapen 2015 for Kvam herad, Uttale frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har i møte 19.04.2016 handsama Kvam herad sin årsrekneskap for 2015.

Representantar frå administrasjonen og ansvarleg revisor var til stades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svarte på spørsmål.

Av rekneskapen for 2015 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er negativt med kr. - 21.104.000,-, dvs. netto resultatgrad på – 2,96 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 3,0 % i 2015. (Førebels tal) Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Tilrådd resultatgrad var 3 % tom. rekneskapen for 2013, men vart ned justert til 1,75% fom. rekneskapen for 2014.

Kontrollutvalet merkar seg m.a. følgjande uttale frå rådmannen i årsmeldinga:

*«På grunn av bl.a. fall i inntekter og auke i finansutgifter, er det vedteke fleire innsparingstiltak med eit mål om å ta ned drifta med 40 mnok per år. Det tek tid å få realisert tiltaka, og kommunen har no hatt 2 år med underskot/meirforbruk, der 2015 er det største. Underskota/meirforbruka vert finansiert med tidlegare avsette fondsmidlar frå år med overskot/mindreforbruk. Kommunen har etter 2015 få frie fondsmidlar igjen, og er heilt avhengige av å få effekt av innsparingstiltak for å få drift i balanse. Det er tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsresultat på 1,75%, eller om lag 12,5 mnok for Kvam herad i 2015. Rekneskapen viser at netto driftsresultat er på ca. minus 3% og tilsvarar at resultatet er om lag 33,6 mnok for dårleg, eller at kommunen brukar over kr 92.000 meir kvar dag enn det som er tilrådd og må bruka ca. kr 58.000 mindre kvar dag berre for å koma i balanse. I 2014 var netto driftsresultat på minus 0,6%.»*

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med KommuneLOVEN § 48 nr. 5 der m.a. går fram at «å sikre betryggende kontroll», «etikk» og «likestilling» skal omtalast. Desse forholda synest å vera greitt omtala.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, årsmelding frå administrasjonen og revisjonsmeldinga frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, revisjonsrapportar og nummererte brev. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

### Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet er uroa over at heradet kjem monaleg svakare ut enn generelle måltal for netto driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond:

- Netto driftsresultat bør jmf. TBU vera positivt med 1,75% over tid. For Kvam herad var driftsresultatet negativt med – 0,64% i 2014 og negativt med – 2,96% for 2015.
- Langsiktig lånegjeld bør ikkje ligga på over 75% av driftsinntektene, jmf. Riksrevisjonen. For Kvam herad auka lånegjelda frå 105,2% i 2014 til 109,7% for 2015.
- Disposisjonsfondet bør vera på minst 5% av driftsinntektene, jmf. Riksrevisjonen. For Kvam herad minska disposisjonsfondet frå 5,42% i 2014 til 2,28% for 2015.

Utvalet merkar seg at revisor for femte år på rad tilrår at det bør vera to signaturar på fakturaene til Kvam herad, slik det er heilt vanleg å gjera i andre herad for å sikra rettmessige utbetalingar.

Ut over det som nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka samt revisjonsmeldinga av 15.04.2015 og Revisjonsrapport nr. 8 - 2015 dagsett 06.04.2016, har kontrollutvalet ikkje merknader til Kvam herad sin årsrekneskap for 2015.

Norheimsund, 19.04.2016

Halvard Lilletveit  
Utvalsleiar

Kjartan Haugsnes  
Utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Kvam herad v/ formannskapet.